

# WANTED

Vertsfamiliar til RCN Studentar



**Belønning:** Timevis av moro og glede

Om de er interessert,  
ta kontakt med UWC RCN  
vertsfamilie-koordinator:

Hildegunn Arstein  
hildegunn@staff.rcnuwc.no  
5773 7098



UWC Røde Kors Nordisk  
Flekke 6968 Norway  
Phone: 5773 7000  
Email: info@rcnuwc.no  
Web: uwrcrn.no



## Vertsfamiliar til RCN studentar?

**SYSKEN BØKER  
SHOW BAKE  
HANDARBEID  
JOBBE I LAG KOS  
BESØKE KVARANDRE  
LAGE MAT SAMTALAR  
TURAR FILMAR  
MORO GLEDE LEIK  
SANG LATTER  
KULTURUTVEKSLING  
MUSIKK KJÆLEDYR  
TRØST TRADISJON  
MAT RELIGION  
UTVIDE HORIZONTEN**

## Bli Vertsfamilie for ein UWC-Student

Sidan starten av UWC Røde Kors Nordisk i 1995, har lokale familiar støtta opp om skulen sitt vertsfamilieprogram for studentar, som er i alderen 16 til 18 år.

### “Ein heim vekke frå heimen”

Ein vertsfamilie opnar heimen sin for ein eller to studentar 5-6 helger gjennom studieåret, noko som gir studentane høve til kontakt med vaksne og born i ein familiesamanheng. Gjennom studieåret elles er dei på campus, med avgrensa kontakt med familien heime. Det er to hundre studentar på campus, som kjem frå over nitti land over heile verda. UWC har i dag femti vertsfamiliar og ynskjer seg fleire.

### Heimekos

Dei av studentar våre som er så heldige at dei har ein vertsfamilie, snakkar varmt om kva dette gjev dei. Dei vert kjende med folk i lokalmiljøet i eit heimekoseleg miljø, ein uvurderleg pause frå dagleglivet på campus.

For både partar er det ein sjanse for gode samtalar og til å lære om ulike kulturar, eit fruktbart samarbeid som skapar gode og varige vennskap på tvers av grenser. Studentane vil til gjengjeld gje godt selskap, ein introduksjon til deira språk og kultur, og elles delta i familien sine aktivitetar som eit familiemedlem. Dei snakkar alle engelsk i varierende grad.



## En Unik Mulighet - Bli Vertsfamilie

*“Jeg har vært vertsfamilie i ett år for to 2.klassinger; Gautham fra India og Maja fra Polen. Hvorfor vil jeg anbefale det samme til deg/dere?”*

*Å få lov å åpne opp sitt hjem for disse flinke, positive og høflige studentene har vært en stor berikelse. Jeg har fått innblikk i det å være student ved UWC, både på godt og vondt. Jeg har fått lære og øve meg i å snakke engelsk. Jeg har overvunnet en skepsis til å ta fremmede inni huset. Lært nye kulturer og religioner å kjenne. Gjennom diskusjoner med opplyst ungdom har jeg måtte reflektere og begrunne, ofte revurdere, mine standpunkter i aktuelle saker. Jeg har fått flotte opplevelser gjennom det å lage mat sammen – indiske spesialiteter, piroger og kaker fra Polen.*

*Gautham og Maja på sin side fikk møte mine utflyttede barn som de nå selvsagt er venner med på Facebook. De har måttet smake på jølstraørret og lutefisk i godt vennelag. Følge med meg på kunstutstillinger og vært ute i naturen, både på fisketurer og på gårdsbesøk. Ofte slappet vi bare av sammen hjemme med lange frokoster, så en god film sammen eller de arbeidet med sine studier. Jeg stopper her, men mye mere kunne blitt fortalt.*

*Helt til slutt; frivillig arbeid utføres uten å få betalt, MEN du får betalt, ikke i form av penger, men med livslangt vennskap, ny kunnskap og takknemlighet.”*

Eva Marie Halvorsen